

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen  
**Dato:** 30.09.2019  
**Tidspunkt:** 11:00-14:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Neshe Lie	Medlem	H
Espen Berntsen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Olav Kvinge	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
Gro Berge	Medlem	A
Tor Andre Ljosland	Leiar	KRF

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Strømmen	Geir Kjell Andersland	FL MDG/V
Magne Djuvik	Gunnar Bakke	FRP
Brita Toppe	Sara Hamre Sekkingstad	SP

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
David J. Aasen Sandven	Kst. fylkeskonservator
Eva Katrine Ritland Taule	Fagleiar kommuneplan
Britt Karen Spjeld	Fylkesidrettssjef
Ruth Ørnholt	Fylkesbibliotekssjef
Silje Lyngstad	Møtesekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 122/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 123/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 124/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 63/19	Varsel om endring i statlege føringar for fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2020	2019/2073	
RS 64/19	Invitasjon til plankonferansen 2019	2018/14375	
RS 65/19	Planrapport 2018 Regional og kommunal planlegging	2019/14195	
RS 66/19	Fråsegn - Varsel om oppstart med planprogram for kommunedelplan for Sambandet Vest	2019/12733	
RS 67/19	Fråsegn - Oppstart av kommunedelplan med planprogram for E16/E39 Arna - Vågsbotn - Klauvaneset - Bergen kommune	2018/15021	
PS 125/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
PS 126/19	Ymse		
PS 127/19	Fråsegn til kommuneplanens arealdel Os kommune	2019/13483	
PS 128/19	Fråsegn til kommuneplanens arealdel - Lindås kommune	2018/470	
PS 129/19	Fråsegn - Kommunedelplan for Knarvik-Alversund - Lindås kommune	2017/8269	
PS 130/19	Fråsegn til områdeplan for Lyseparken - Offentleg ettersyn - Os kommune	2015/258	
PS 131/19	Tilleggsfråsegn sykkelstrategi for Bergen 2019-2030	2019/16266	
PS 132/19	Uttale til høyring av gåstrategi for Bergen 2019-2030	2019/16440	
PS 133/19	Høyringssvar – forslag til endringer i riksarkivarens forskrift	2019/56	
PS 134/19	Tilskot til elitekorps. Fordeling 2019	2019/167	
PS 135/19	Folkemusikkstipend 2019 - tildeling	2019/168	X
PS 136/19	Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend - tildeling 2019	2019/170	X

## **PS 122/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknader.

## **PS 123/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

Møteboka frå 11.09.2019 vart godkjend utan merknader.

## **PS 124/19 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

RS 63-67/19 vart referert.

## **PS 125/19 Innkomne spørsmål frå politikarane**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

Det var ingen innkomne spørsmål til møtet.

## **PS 126/19 Ymse**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

**Utvalsleiar Tor Andre Ljosland (KRF)** la fram at neste møte i kultur- idrett og regional utvikling vert flytta frå 07.11.19 til 20.11.19. Utvalet slutta seg samrøystes til dette.

## **PS 127/19 Fråsegn til kommuneplanens arealdel Os kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os reviderar kommuneplanens arealdel og oppdaterer den til å bli et styringsverktøy etter gjeldande plan- og bygningslov.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Os kommune 2019 – 2030 (KPA) berre delvis tek opp i seg utfordringane knytt til klima og miljø, og nedbygging av landbruksareal og strandsone. Planen følgjer ikkje i tilstrekkeleg grad opp måla om berekraftig samfunnsutvikling nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel 2015- 2027.
3. Samordna areal- og transportplanlegging
  - a. I regional areal og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. Området rundt Osøyro er definert som regional vekstsone der hovuddelen av veksten i kommunen bør skje. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser at framlegg til KPA ikkje er i samsvar med mål og retningslinene til den regionale planen og fremjar motsegn til planen.

- b. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at framlegg til KPA for Os ikkje i tilstrekkeleg grad bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og ikkje legg tilstrekkeleg til rette for sykkel og gange, Utvalet vil be om at:
    - Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av fortettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.
    - At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.
    - At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar
  - c. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegn § 5.3.1 som seier at «tilsettintensive næringsbygg» skal lokaliserast i Lyseparken, strir mot retningsline 6.2 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, og knyter motsegn til denne føresegna.
  - d. Større områder for framtidig bustadbygging i gjeldande KPA er ikkje vurdert på nytt i høve til mål og retningslinjer i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*. Utval for kultur, idrett og regional utvikling knyter motsegn til planen på dette punktet.
4. Senterstruktur
- a. Senterstruktur er viktig for å oppnå regionale mål. Os kommune har med planen laget ein definert senterstruktur, men senteravgrensinga er for stor for regionsenteret Osøyro. Avgrensinga opnar for eit utflytande utbyggingsmønster og står ikkje opp under regionale mål om attraktive sentre. Ei avgrensing på omlag 3 km i diameter, strir mot regional retningsline 2.3 i Regional plan for attraktive senter som rår til ei utstrekning på inntil 800 meter i utstrekning for regionsentre. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at senteravgrensinga for Osøyro bør bli redusert, og knyter motsegn til dette punktet.
  - b. Senteravgrensinga for Lysefjorden lokalsenter er omlag 2 km i utstrekning og lokalisert utanfor regional vekstsone. Definert senterområde vil svekke Osøyro som eit regionalt senter og bygge ned grøntareal, i strid med Regional plan for attraktive senter og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at senteravgrensinga for Lysefjorden bør bli redusert og knyter motsegn til dette punktet.
  - c. Os kommune er ikkje i mangel på bustadtypene eine- og tomannsbustad. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at kommunen gjer om på føresegn § 4.4.2 og 4.5.2 *Ytre fortettingssone* som berre tillèt etablering av einestader og tomannsbustader med byggehøgde avgrensa til 7m, til å omfatte fleirmannsbustader der det ikkje kjem i konflikt med andre viktige omsyn.
5. *Handel*
- Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel i Osøyro er samanfallande med regional plan. Senteravgrensing og føresegnene for senterområda følgjer likevel ikkje opp i tilstrekkelig grad. Det er fleire moment knytt til handel og unntaksreglane som må bli endra for å ikkje stri med regionale føringar og føresegn §4.1, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremmer motsegn på følgjande punkt:
- a. Framlegg til KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel i randsona til sentrum og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene § 4.3.2 som definerer *Indre fortettingssone* (IFO) på Osøyro som *Sentrumsformål* og gjev rom for opp mot 12000 m<sup>2</sup> BRA med ordinær detaljhandel er i strid retningsline 2.3 i *Regional plan for attraktive senter*. *Motsegna fell bort viss føresegnene vert endra til å omfatte unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter*.
  - b. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene til bygningar og anlegg som nyttar formålet forretning, ikkje er tydeleg nok formulert ved at dei berre peikar på føresegn § 4.1 i den regionale planen for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og

regional utvikling fremjar motsegn til formuleringa føresegne § 4.4.2 (3), § 5.3.2.  
*Motsegna fell bort viss føresegnene vert lista opp i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.*

6. Fylkeskommunen som vegeigar tek i vare omsynet til vegutbetringar, avkjørsler m.m. på fylkesvegnettet. Statens Vegvesen har meldt at det er forhold knytt til fylkesvegene som må rettast opp i før endeleg vedtak, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til 3 område i planen:
  - a. 4.1.7. Søfteland – ungdomsskule – Planføremålet er lagt tett på eksisterande E39 i eit område der det er trong for å etablere ny gang- og sykkelveg. Plasseringa så nært vegen gir ulemper for skulen som følgje av støy, og den vanskeleggjer ei framtidig realisering av gang- og sykkelveg.
  - b. 3.11.16. Søre Øyane 355 – naust Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ei slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre vegen på denne strekninga.
  - c. 3.11.18. Søre Øyane 313 – naust og kai Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ei slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre vegen på denne strekninga.
  - d. Osøyro 359 – næring – næringsareal på Moberg, like ved toplankrysset til E39. Her viser SVV til tidligare korresponanse, i reguleringsplansak der dei markerte skepsis til etablering av utbyggingsareal pga. nærleiken til E39.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at akvakulturområda med godkjente lokalitetar må justerast slik at næringa får mogelegheit til å utvikle lokalitetane.
8. *Kulturminne og kulturmiljø*  
Utval for kultur og idrett og regional utvikling meiner kommuneplanen arealplan for Os kommune, 2019 - 2030, er konflikt med nasjonale kulturminneinteresse og fremjar motsegn på fylgjande punkt:
  - a. Bustadføremål 107 – Osøyro - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne gravhaug id 55237. Motsegn fell bort dersom bustadområdet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.
  - b. Næring i sjø 32 – Osøyro - grunna nærføring til automatisk freda kulturminne gravrøys id 35905. Motsegn fell bort dersom næringsarealet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til Vannareal for allmenn fleirbruk.
  - c. Frå LNF til bustad 305 og 306 – Osøyro – grunna konflikt med automatisk freda kulturminne gravhaug id 55240 og bautastein id 60559, samt nærføring til gravhaug id 55242. Motsegn fell bort dersom næringsarealet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.
  - d. Bustadføremål 274 – Søfteland – grunna nærføring til automatisk freda kulturminne id 246997. Motsegn fell bort om bustadområdet vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.
  - e. To naustområder 21 og 120 – Søre Neset – grunna nærføring til automatisk freda kulturminne id 60558 og det urørte landskapet inst i Vargavågen rundt Grødalshaugen der det er fleire automatisk freda kulturminne. Motsegn fell bort dersom dei to naustområda vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.
  - f. Bustadføremål 187 – Søre Neset – grunna konflikt med automatisk freda kulturminne id 45492. Motsegn fell bort om bustadføremål vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.
  - g. Nyare registreringar av automatisk freda kulturminne, gjort i Os kommune etter førre KPA, er ikkje ført på det nye plankartet. Dette gjeld id 144979, id 151196, id 151206, id 161037, id

201586, id 215886 og id 246997. Dette gjeld og kyrkjestaden id 85246. I tillegg har id 45490 feil geometri i plankartet. Motsegn fell bort når desse manglane er retta i plankartet.

- h. Det er knytt motsegn til føresegn 4.15.1 i kommuneplanen: «Er ikkje anna fastsett i plan gjeld ein byggegrense på 10 meter mot automatisk freda kulturminne». Motsegna er grunna i at denne føresegna ikkje tek opp i seg utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne eller fare for at dette kan skje, jf. KML § 3. Det er Hordaland fylkeskommune som er rett mynde til å avgjere kva som er eigna avstand til eit freda kulturminne i høve til tiltak. Motsegn fell bort dersom føresegna vert teke ut.
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilde merknader når det gjeld kulturminne:
- a. Hordaland fylkeskommune rår til at det må innarbeidast generelle føresegner, knytt til omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse og verdi, som må takast med i planføresegnene.
  - b. Alle automatisk freda kulturminne, inklusive minimum sikringsone på 5 meter, bør visast på plankartet som omsynssone d (H730), bandlagt etter kulturminnelova. Omsynssoner for bevaring av kulturmiljø (H570) og for bandlegging må takast med i arealplankart og planføresegner.

Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde, spreidd busetnad, næring og andre arealkrevande tiltak inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøområde.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019

**Olav Kvinge (H)** sette på vegner av H og FRP fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os reviderar kommuneplanens arealdel og oppdaterer den til å bli et styringsverktøy etter gjeldande plan- og bygningslov.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Os kommune 2019 – 2030 (KPA) berre delvis tek opp i seg utfordringane knytt til klima og miljø, og nedbygging av landbruksareal og strandsone. Planen burde i enda større grad fulgt opp måla om berekraftig samfunnsutvikling nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel 2015- 2027.
3. Samordna areal- og transportplanlegging
  - a. I regional areal og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. Området rundt Osøyro er definert som regional vekstsone der hovuddelen av veksten i kommunen bør skje. Utvalg for kultur, idrett og regional utvikling meiner KPA for Os i enda større grad må følgja opp måla og retningslinene i Regional areal og transportplan for Bergensområdet.
  - b. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at framlegg til KPA for Os ikkje i tilstrekkeleg grad bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og ikkje legg tilstrekkeleg til rette for sykkel og gange, Utvalet vil be om at:
    - Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av fortettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.
    - At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.
    - At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar

c. Større områder for framtidig bustadbygging i gjeldande KPA er ikkje vurdert på nytt i høve til mål og retningsliner i Regional areal- og transportplan (RATP) for Bergensområdet. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kommunen må vurdere desse områda, og ta ut bustadareal som ikkje er i samsvar med RATP for Bergensregionen.

#### 4. Senterstruktur

a. Senterstruktur er viktig for å oppnå regionale mål. Os kommune har med planen laget ein definert senterstruktur, men senteravgrensinga er for stor for regionsenteret Osøyro. Avgrensinga opnar for eit utflytande utbyggingsmønster og står ikkje opp under regionale mål om attraktive sentre. Ei avgrensing på omlag 3 km i diameter, strir mot regional retningsline 2.3 i Regional plan for attraktive senter som rår til ei utstrekning på inntil 800 meter i utstrekning for regionsentre. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at senteravgrensinga for Osøyro bør bli redusert.

b. Senteravgrensinga for Lysefjorden lokalsenter er omlag 2 km i utstrekning og lokalisert utanfor regional vekstzone, men bind saman eksisterande senter for bustader, barnehage, skule og idrettsanlegg med framtidige bustadkonsentrasjon i aksen mot Lyseparken Næringsområde. Dette legg til rette for eit velfungerandelokalsenter med bustader, arbeidsplassar og offentlege tilbod. Utval for kultur, idrett og regional utvikling legg til grunn at Os kommune i vidare planarbeidet legg vekt på infrastruktur for sykkel og gange i dette området, slik at det interne transportbehovet i størst mogeleg grad kan løysast utan bilbruk.

c. Os kommune er ikkje i mangel på bustadtypene eine- og tomannsbustad. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at kommunen gjer om på føresegn § 4.4.2 og 4.5.2 Ytre fortettingssone som berre tillèt etablering av einebustader og tomannsbustader med byggehøgde avgrensa til 7m, til å omfatte fleirmannsbustader der det ikkje kjem i konflikt med andre viktige omsyn.

#### 5. Handel

Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel i Osøyro er samanfallande med regional plan. Senteravgrensing og føresegnene for senterområda følgjer likevel ikkje opp i tilstrekkelig grad. Det er fleire moment knytt til handel og unntaksreglane som må bli endra for å ikkje stri med regionale føringar og føresegn §4.1, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremmer motsegn på følgjande punkt:

a. Framlegg til KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel i randsona til sentrum og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene § 4.3.2 som definerer Indre fortettingssone (IFO) på Osøyro som Sentrumsformål og gjev rom for opp mot 12000 m<sup>2</sup> BRA med ordinær detaljhandel er i strid retningsline 2.3 i Regional plan for attraktive senter. Motsegna fell bort viss føresegnene vert endra til å omfatte unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.

b. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene til bygningar og anlegg som nyttar formålet forretning, ikkje er tydeleg nok formulert ved at dei berre peikar på føresegn § 4.1 i den regionale planen for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formuleringa føresegne § 4.4.2 (3), § 5.3.2. Motsegna fell bort viss føresegnene vert lista opp i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.

6. Fylkeskommunen som vegeigar tek i vare omsynet til vegutbetringar, avkjørsler m.m. på fylkesvegnettet. Statens Vegvesen har meldt at det er forhold knytt til fylkesveggenesom må

rettast opp i før endeleg vedtak, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til 3 område i planen:

a. 4.1.7. Søfteland – ungdomsskule – Planføremålet er lagt tett på eksisterande E39 i eit område der det er trong for å etablere ny gang- og sykkelveg. Plasseringa så nært vegen gir ulemper for skulen som følgje av støy, og den vanskeleggjer ei framtidig realisering av gang- og sykkelveg.

b. 3.11.16. Søre Øyane 355 – naust Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ei slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre veggen på denne strekninga.

c. 3.11.18. Søre Øyane 313 – naust og kai Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ei slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre veggen på denne strekninga.

d. Osøyro 359 – næring – næringsareal på Moberg, like ved toplankrysset til E39. Her viser SVV til tidligare korresponanse, i reguleringsplansak der dei markerte skepsis til etablering av utbyggingsareal pga. nærleiken til E39.

7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at akvakulturområda med godkjente lokalitetar må justerast slik at næringa får moglegeheit til å utvikle lokalitetane.

#### 8. Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur og idrett og regional utvikling meiner kommuneplanen arealplan for Os kommune, 2019 - 2030, er konflikt med nasjonale kulturminneinteresse og fremjar motsegn på fylgjande punkt:

a. Bustadforemål 107 – Osøyro - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne gravhaug id 55237. Motsegn fell bort dersom bustadområdet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.

b. Næring i sjø 32 – Osøyro - grunna nærføring til automatisk freda kulturminne gravrøys id 35905. Motsegn fell bort dersom næringsarealet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til Vannareal for allmenn fleirbruk.

c. Frå LNF til bustad 305 og 306 – Osøyro – grunna konflikt med automatisk freda kulturminne gravhaug id 55240 og bautastein id 60559, samt nærføring til gravhaug id 55242. Motsegn fell bort dersom næringsarealet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.

d. Bustadforemål 274 – Søfteland – grunna nærføring til automatisk freda kulturminne id 246997. Motsegn fell bort om bustadområdet vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.

e. To naustområder 21 og 120 – Søre Neset – grunna nærføring til automatisk freda kulturminne id 60558 og det urørte landskapet inst i Vargavågen rundt Grødalshaugender det er fleire automatisk freda kulturminne. Motsegn fell bort dersom dei to naustområda vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF. f. Bustadforemål 187 – Søre Neset – grunna konflikt med automatisk freda kulturminne id 45492. Motsegn fell bort om bustadforemål vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.

g. Nyare registreringar av automatisk freda kulturminne, gjort i Os kommune etter førre KPA, er ikkje ført på det nye plankartet. Dette gjeld id 144979, id 151196, id 151206, id 161037, id 201586, id 215886 og id 246997. Dette gjeld og kyrkjestaden id 85246. I tillegg har id 45490 feil geometri i plankartet. Motsegn fell bort når desse manglane er retta i plankartet.

h. Det er knytt motsegn til føresegn 4.15.1 i kommuneplanen: «Er ikkje anna fastsett i plan gjeld ein byggegrense på 10 meter mot automatisk freda kulturminne». Motsegna er grunna i at denne føresegna ikkje tek opp i seg utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne eller fare for at dette kan skje, jf. KML § 3. Det er Hordaland fylkeskommune som er rett mynde til å avgjere kva som er eigna avstand til eit freda kulturminne i høve til tiltak. Motsegn fell bort dersom føresegna vert teke ut.

i. Motsegn i pkt. 8. a-f kan og falle bort dersom omtalte kulturminne vert sikra på annan måte t.d. gjennom omsynssoner og føresegnene til KPA.

9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilde merknader når det gjeld kulturminne:



a. Hordaland fylkeskommune rår til at det må innarbeidast generelle føresegner, knytt til omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse og verdi, som må takast med i planføresegnene.

b. Alle automatisk freda kulturminne, inklusive minimum sikringsone på 5 meter, bør visast på plankartet som omsynssone d (H730), bandlagt etter kulturminnelova. Omsynssoner for bevaring av kulturmiljø (H570) og for bandlegging må takast med i arealplankart og planføresegner.

Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde, spreidd busetnad, næring og andre arealkrevande tiltak inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøområde.»

**Kjell Gitton Håland (A)** setter på vegner av A, KRF, og SP fram slikt forslag:

«Endring

Stryke siste del av siste setning i punkt 3 c:

....., og knyter motsegn til denne føresegna.»

## Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 2 fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 a fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 b vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 c med Håland sitt forslag til endring vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 d fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 4 a fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 4 b fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 4 c vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 8 vart samrøystes vedteke.

Kvinge sitt forslag punkt 8 i fekk 12 røyster (A, SP, KRF, H, FRP) og vart vedteke mot ei røyst (MDG).

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 9 vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os reviderar kommuneplanens arealdel og oppdaterer den til å bli et styringsverktøy etter gjeldande plan- og bygningslov.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Os kommune 2019 – 2030 (KPA) berre delvis tek opp i seg utfordringane knytt til klima og miljø, og nedbygging av landbruksareal og strandsone. Planen følgjer ikkje i tilstrekkeleg grad opp måla om berekraftig samfunnsutvikling nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel 2015- 2027.
3. Samordna areal- og transportplanlegging
  - a. I regional areal og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. Området rundt Osøyro er definert som regional vekstsone der hovuddelen av veksten i kommunen bør skje. Utval for kultur, idrett og regional

utvikling ser at framlegg til KPA ikkje er i samsvar med mål og retningslinene til den regionale planen og fremjar motsegn til planen.

b. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at framlegg til KPA for Os ikkje i tilstrekkeleg grad bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og ikkje legg tilstrekkeleg til rette for sykkel og gange, Utvalet vil be om at:

- Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensing av fortettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.
- At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.
- At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar

c. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegn § 5.3.1 som seier at «tilsettintensive næringsbygg» skal lokaliserast i Lyseparken, strir mot retningsline 6.2 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

d. Større områder for framtidig bustadbygging i gjeldande KPA er ikkje vurdert på nytt i høve til mål og retningslinjer i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*. Utval for kultur, idrett og regional utvikling knyter motsegn til planen på dette punktet.

#### 4. Senterstruktur

a. Senterstruktur er viktig for å oppnå regionale mål. Os kommune har med planen laget ein definert senterstruktur, men senteravgrensinga er for stor for regionsenteret Osøyro. Avgrensinga opnar for eit utflytande utbyggingsmønster og står ikkje opp under regionale mål om attraktive sentre. Ei avgrensing på omlag 3 km i diameter, strir mot regional retningsline 2.3 i Regional plan for attraktive senter som rår til ei utstrekning på inntil 800 meter i utstrekning for regionsentre. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at senteravgrensinga for Osøyro bør bli redusert, og knyter motsegn til dette punktet.

b. Senteravgrensinga for Lysefjorden lokalsenter er omlag 2 km i utstrekning og lokalisert utanfor regional vekstsone. Definert senterområde vil svekke Osøyro som eit regionalt senter og bygge ned grøntareal, i strid med Regional plan for attraktive senter og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at senteravgrensinga for Lysefjorden bør bli redusert og knyter motsegn til dette punktet.

c. Os kommune er ikkje i mangel på bustadtypene eine- og tomannsbustad. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at kommunen gjer om på føresegn § 4.4.2 og 4.5.2 *Ytre fortettingssone* som berre tillèt etablering av einestader og tomannsbustader med byggehøgde avgrensa til 7m, til å omfatte fleirmannsbustader der det ikkje kjem i konflikt med andre viktige omsyn.

#### 5. Handel

Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel i Osøyro er samanfallande med regional plan. Senteravgrensing og føresegnene for senterområda følger likevel ikkje opp i tilstrekkelig grad. Det er fleire moment knytt til handel og unntaksreglane som må bli endra for å ikkje stri med regionale føringar og føresegn §4.1, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremmer motsegn på følgjande punkt:

a. Framlegg til KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel i randsona til sentrum og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene § 4.3.2 som definerer *Indre fortettingssone* (IFO) på Osøyro som *Sentrumsformål* og gjev rom for opp mot 12000 m<sup>2</sup> BRA med ordinær detaljhandel er i strid retningsline 2.3 i *Regional plan for attraktive senter*. *Motsegna fell bort viss føresegnene vert endra til å omfatte unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter*.

- b. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegnene til bygningar og anlegg som nyttar formålet forretning, ikkje er tydeleg nok formulert ved at dei berre peikar på føresegn § 4.1 i den regionale planen for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formuleringa føresegne § 4.4.2 (3), § 5.3.2.  
*Motsegna fell bort viss føresegnene vert lista opp i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.*
6. Fylkeskommunen som veigar tek i vare omsynet til vegutbetringar, avkjørsler m.m. på fylkesvegnettet. Statens Vegvesen har meldt at det er forhold knytt til fylkesvegene som må rettast opp i før endeleg vedtak, og Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til 3 område i planen:
- a. 4.1.7. Søfteland – ungdomsskule – Planføremålet er lagt tett på eksisterande E39 i eit område der det er trong for å etablere ny gang- og sykkelveg. Plasseringa så nært vegen gir ulemper for skulen som følgje av støy, og den vanskeleggjer ei framtidig realisering av gang- og sykkelveg.
- b. 3.11.16. Søre Øyane 355 – naust Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ei slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre vegen på denne strekninga.
- c. 3.11.18. Søre Øyane 313 – naust og kai Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ei slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre vegen på denne strekninga.
- d. Osøyro 359 – næring – næringsareal på Moberg, like ved toplankrysset til E39. Her viser SVV til tidligare korresponanse, i reguleringsplansak der dei markerte skepsis til etablering av utbyggingsareal pga. nærleiken til E39.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at akvakulturområda med godkjente lokalitetar må justerast slik at næringa får moglegeheit til å utvikle lokalitetane.
8. *Kulturminne og kulturmiljø*  
Utval for kultur og idrett og regional utvikling meiner kommuneplanen arealplan for Os kommune, 2019 - 2030, er konflikt med nasjonale kulturminneinteresse og fremjar motsegn på fylgjande punkt:
- a. Bustadføremål 107 – Osøyro - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne gravhaug id 55237. Motsegn fell bort dersom bustadområdet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.
- b. Næring i sjø 32 – Osøyro - grunna nærføring til automatisk freda kulturminne gravrøys id 35905. Motsegn fell bort dersom næringsarealet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til Vannareal for allmenn fleirbruk.
- c. Frå LNF til bustad 305 og 306 – Osøyro – grunna konflikt med automatisk freda kulturminne gravhaug id 55240 og bautastein id 60559, samt nærføring til gravhaug id 55242. Motsegn fell bort dersom næringsarealet vert teke ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.
- d. Bustadføremål 274 – Søfteland – grunna nærføring til automatisk freda kulturminne id 246997. Motsegn fell bort om bustadområdet vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.
- e. To naustområder 21 og 120 – Søre Neset – grunna nærføring til automatisk freda kulturminne id 60558 og det urørte landskapet inst i Vargavågen rundt Grødalshaugen der det er fleire automatisk freda kulturminne. Motsegn fell bort dersom dei to naustområda vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.
- f. Bustadføremål 187 – Søre Neset – grunna konflikt med automatisk freda kulturminne id 45492. Motsegn fell bort om bustadføremål vert teke ut av planen og tilbakeført til LNF.

- g. Nyare registreringar av automatisk freda kulturminne, gjort i Os kommune etter førre KPA, er ikkje ført på det nye plankartet. Dette gjeld id 144979, id 151196, id 151206, id 161037, id 201586, id 215886 og id 246997. Dette gjeld og kyrkjestaden id 85246. I tillegg har id 45490 feil geometri i plankartet. Motsegn fell bort når desse manglane er retta i plankartet.
  - h. Det er knytt motsegn til føresegn 4.15.1 i kommuneplanen: «Er ikkje anna fastsett i plan gjeld ein byggegrense på 10 meter mot automatisk freda kulturminne». Motsegna er grunna i at denne føresegna ikkje tek opp i seg utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne eller fare for at dette kan skje, jf. KML § 3. Det er Hordaland fylkeskommune som er rett mynde til å avgjere kva som er eigna avstand til eit freda kulturminne i høve til tiltak. Motsegn fell bort dersom føresegna vert teke ut.
  - i. Motsegn i pkt. 8. a-f kan og falle bort dersom omtalte kulturminne vert sikra på annan måte t.d. gjennom omsynssoner og føresegnene til KPA.
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilde merknader når det gjeld kulturminne:
- a. Hordaland fylkeskommune rår til at det må innarbeidast generelle føresegner, knytt til omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse og verdi, som må takast med i planføresegnene.
  - b. Alle automatisk freda kulturminne, inklusive minimum sikringsone på 5 meter, bør visast på plankartet som omsynssone d (H730), bandlagt etter kulturminnelova. Omsynssoner for bevaring av kulturmiljø (H570) og for bandlegging må takast med i arealplankart og planføresegner.

Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde, spreidd busetnad, næring og andre arealkrevande tiltak inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøområde.

## PS 128/19 Fråsegn til kommuneplanens arealdel - Lindås kommune

### Forslag til vedtak

1. Kommuneplanens arealdel for Lindås kommune har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Planskildring, plankart og føresegner er ryddige og oversiktlege.
2. I Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. Området omkring Knarvik er definert som regional vekstsone der hovuddelen av veksten i kommunen bør skje. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ser at Lindås kommune samla sett, gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen, har redusert arealreserven og lagt opp til meir konsentrert busetting i regionsenteret Knarvik og nærsentra og dette viser ei positiv utvikling.
3. For å oppnå regionale mål om fortetting er det naudsynt å legge til rette for gjennomføring av områdeplan for Knarvik. Kommunen har stor reserve regulert bustadareal, både innanfor planområdet og i kommunen elles. Bustadreserven er meir enn tilstrekkeleg til å dekke behovet fram til 2033. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner kommunen bør vurdere om det er anna utbyggingsareal som kan bli vurdert tatt ut av kommuneplanen.
4. *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* viser til at kommunane bør fastsette ein lokal senterstruktur i kommuneplanen. Det er positivt at Lindås kommune i samfunnsdelen har definert lokal senterstruktur med Ostereidet og Lindås som er nærsentera i kommunen. *Utval*

for kultur, idrett og regional utvikling meiner likevel at dette med fordel kunne vore tydelegare definert i føresegnene til kommuneplanens arealdel, og rår til at dette vert endra før endeleg vedtak.

5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner kommunen har innarbeidd den regionale føresegna for handel i kommunedelplanen, gjennom at detaljhandel utelukkande er knytt til sentrumsføremålet i planen.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner bustadområda B1 Lindås og B8 Leknes er i strid med regionale retningslinjer i Regional areal- og transportplan der omsynet til regional grønstruktur skal bli sterkt vektlagt utanfor den regionale vekstsona. Det er knytt motsegn til desse bustadområda dersom dei ikkje vert tatt ut av kommuneplanen.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at næringsområdet langs E39 på Eknes har ein sentral rolle i utviklinga av regionsenteret Knarvik. Kommunen bør vurdere om dette området bør bli utvida, både for å legge til rette for transformasjon i Knarvik, men også som eit supplement til Mongstadområdet som kan marknadsførast mot større nasjonale og internasjonale industrisatsingar.
8. Kommunen har gjennom planarbeidet kartlagt og verdisatt friluftsområder i kommunen. Alle område som er verdisatt til *Svært viktig* eller *viktig* friluftsområde i kartlegginga, er inkludert i omsynssone for friluftsliv. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner omsynet til friluftsliv og nærrområde er godt ivaretatt i planen.
9. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* merker seg at Lindås kommune og Nordhordland er heilt i front når det kjem til å tenke løysingar på gjenbruk av jordmassar. Gjennom kommuneplanen og kommunedelplanen er det lagt til rette for at aktuelle område for mottak av jordmasser. Dette er svært positivt.
10. Kommunen nyttar føremålet LNF-spreidd for å legge til rette for at aktive bønder kan styrke gardsdrifta med ulike tilleggsnæringer, til dømes aktivitetar som «Inn på tunet», gardsutsal og servering. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* er positiv til å styrke næringsgrunnlaget knytt til tradisjonell gardsdrift, men meiner likevel at nokre av områda opnar opp for så mykje aktivitet at ein burde stille krav om reguleringsplan. Dette bør bli innarbeidd i føresegnene for områda LSN12 Askeland og LSN18 Dyrkolbotn.
11. I kommuneplanens samfunnsdel har kommunen gode prinsipp for å vurdere nye naust- og småbåtanlegg i strandsona, og det er positivt at kommunen har gjennomgåande lagt vekt på dette i konsekvensutgreiinga. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* registrerer likevel at det er tatt inn nokre område som er i strid med prinsippa i samfunnsdelen. Utvalet rår til at dei områda som ikkje er tilrådd i konsekvensutgreiinga vert tatt ut av planen før vedtak. Dette gjeld:
  - BAB3 Nappevika
  - BAB4 Nordre Totlandsvika
  - BAB11 Eikangervåg
12. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner akvakultur ikkje er godt ivaretatt i planframlegget frå Lindås kommune, særleg i høve til at det ikkje er gjort endringar innanfor temaet slik behovet i planprogrammet vart skildra.
13. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Lindås kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som i stor grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø. Planen er likevel i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det er knytt motsegn til følgjande punkt i planframlegget:
  - a. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i føresegner. *Motsegn fell bort om føresegna blir meir spesifikke.*

- b. Riksantikvarens sitt forslag til føresegner for Lindås- , Myking- og Seim mellomalderkyrkjestadar må innarbeidast i planføresegna. *Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav.*
  - c. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til B1 – Bustad – Lindås, grunna konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. *Motsegn fell bort dersom området vert trekt ut av planforslaget.*
  - d. To område definert som LNF – spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for eigedomane med automatisk freda kulturminne.*
  - e. Fleire område definert som LNF – spreidd i § 3.4.7 inneheld den Trondhjemske postvei, kulturminne av nasjonal interesse. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for eigedomane med registrerte kulturminne av nasjonal interesse.*
  - f. Område definert som LNF - spreidd i § 3.4.7 med unntak av dei nemnd i punkt d) og e) må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga. *Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt føremål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus/hytte med opparbeida hage. Eventuelt må arealføremål LNF vidareførast.*
14. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilte merknader i høve kulturminneinteresser i kommuneplanen sin arealdel:
- a. Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen jobbar vidare med å definere fleire omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø, og at desse leggst inn i det vidare arbeidet med ein revidert kommunedelplan for kulturminne.
  - b. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i § 4.1.5 som gjeld retningsliner for omsynssoner H570 tek med ei formulering om at saker som gjeld tiltak i omsynssonene skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.
  - c. Hordaland fylkeskommune ber om at det både i planskildring og føresegner blir tydeleg spesifisert kva for omsynssoner H570 som er lagt inn i planen, med namn og/eller gards- og bruksnummer.
  - d. Hordaland fylkeskommune ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.
  - e. Hordaland fylkeskommune rår til at det for dei listeførte kyrkjene vert lagt inn omsynssone H570 med tilknytte retningsliner.
  - f. LSN4 – Spreidd næring – Spurkeland. Arealføremål kan vere i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det må takast særskilt omsyn både til Den Trondhjemske postvei og til omgjevnadene.
  - g. For følgjande innspel, som ligg innafor omsynssone for Den Indre Farleia, må det takast særskilt omsyn til omgjevnadene, slik at nytt arealføremål ikkje kjem i konflikt med det samla kulturmiljøet: BAB2 (Småbåtanlegg – Festevågen), BAB3 (Småbåtanlegg og naust – Nappevika) og BFT1 (Fritids - og turistføremål – Bergfjord).
  - h. LSN5 – Spreidd næring – Sellevoll. Det må takast særskilt omsyn til det meldepliktige våningshuset og til omgjevnadene, slik at nytt arealføremål ikkje kjem i konflikt med

kulturminnet og det samla kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune rår til at det for dette området vert sett krav om detaljregulering før det kan søkast om løyve om tiltak.

i. Område vist som LNF – spreidd

Hordaland fylkeskommune meiner det bør stillast krav om regulering for dei fleste areala som endrast frå LNF til LNF – spreidd, spesielt gjeld dette for område definert som LNF spreidd næring (LSN). For sistnemnde område ber me difor om at ein stiller krav om regulering, eller at ein i § 3.4.6 konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.

j. Område vist som næringsområde (BN4)

I område vist som næringsområde BN4, er det gitt fritak frå plankrav i § 3.1.6, bokstav c). Hordaland fylkeskommune ber kommunen vere spesielt merksam på undersøkingsplikta og avklaring av kulturminneinteresser, ved søknad om tiltak i dette område.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019

**Tor Andre Ljosland (KRF)** setter fram slikt forslag:

a) «Endring punkt 6

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner bustadområdet B8 Leknes er i strid med regionale retningslinjer i Regional areal- og transportplan der omsynet til regional grønstruktur skal bli sterkt vektlagt utanfor den regionale vekstsona. Det er knytt motsegn til dette bustadområdet dersom dei ikkje vert tatt ut av kommuneplanen.»

b) «Endring i punkt 13.c:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til B1 – Bustad – Lindås, grunna konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Motsegn fell bort dersom området vert justert slik at Den Trondhjemske postvei ivaretas.»

## Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag unnateke punkt 6 og 13 vart samrøystes vedteke.

Ljosland sitt forslag a vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt forslag.

Ljosland sitt forslag b vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt forslag.

## Vedtak

1. Kommuneplanens arealdel for Lindås kommune har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Planskildring, plankart og føresegner er ryddige og oversiktlege.
2. I Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. Området omkring Knarvik er definert som regional vekstsona der hovuddelen av veksten i kommunen bør skje. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ser at Lindås kommune samla sett, gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen, har redusert arealreserven og lagt opp til meir konsentrert busetting i regionsenteret Knarvik og nærsentra og dette viser ei positiv utvikling.
3. For å oppnå regionale mål om fortetting er det naudsynt å legge til rette for gjennomføring av områdeplan for Knarvik. Kommunen har stor reserve regulert bustadareal, både innanfor planområdet og i kommunen elles. Bustadreserven er meir enn tilstrekkeleg til å dekke behovet fram til 2033. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner kommunen bør vurdere om det er anna utbyggingsareal som kan bli vurdert tatt ut av kommuneplanen.

4. *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* viser til at kommunane bør fastsette ein lokal senterstruktur i kommuneplanen. Det er positivt at Lindås kommune i samfunnsdelen har definert lokal senterstruktur med Ostereidet og Lindås som er nærsentera i kommunen. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner likevel at dette med fordel kunne vore tydelegare definert i føresegnene til kommuneplanens arealdel, og rår til at dette vert endra før endeleg vedtak.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner kommunen har innarbeidd den regionale føresegna for handel i kommunedelplanen, gjennom at detaljhandel utelukkande er knytt til sentrumsføremålet i planen.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner bustadområdet B8 Leknes er i strid med regionale retningslinjer i Regional areal- og transportplan der omsynet til regional grønstruktur skal bli sterkt vektlagt utanfor den regionale vekstsona. Det er knytt motsegn til dette bustadområdet dersom dei ikkje vert tatt ut av kommuneplanen.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at næringsområdet langs E39 på Eknes har ein sentral rolle i utviklinga av regionsenteret Knarvik. Kommunen bør vurdere om dette området bør bli utvida, både for å legge til rette for transformasjon i Knarvik, men også som eit supplement til Mongstadområdet som kan marknadsførast mot større nasjonale og internasjonale industrisatsingar.
8. Kommunen har gjennom planarbeidet kartlagt og verdisatt friluftsområder i kommunen. Alle område som er verdisatt til *Svært viktig* eller *viktig* friluftsområde i kartlegginga, er inkludert i omsynssone for friluftsliv. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner omsynet til friluftsliv og nærområde er godt ivaretatt i planen.
9. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* merker seg at Lindås kommune og Nordhordland er heilt i front når det kjem til å tenke løysingar på gjenbruk av jordmassar. Gjennom kommuneplanen og kommunedelplanen er det lagt til rette for at aktuelle område for mottak av jordmasser. Dette er svært positivt.
10. Kommunen nyttar føremålet LNF-spreidd for å legge til rette for at aktive bønder kan styrke gardsdrifta med ulike tilleggsnæringer, til dømes aktivitetar som «Inn på tunet», gardsutsal og servering. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* er positiv til å styrke næringsgrunnlaget knytt til tradisjonell gardsdrift, men meiner likevel at nokre av områda opnar opp for så mykje aktivitet at ein burde stille krav om reguleringsplan. Dette bør bli innarbeidd i føresegnene for områda LSN12 Askeland og LSN18 Dyrkolbotn.
11. I kommuneplanens samfunnsdel har kommunen gode prinsipp for å vurdere nye naust- og småbåtanlegg i strandsona, og det er positivt at kommunen har gjennomgåande lagt vekt på dette i konsekvensutgreiinga. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* registrerer likevel at det er tatt inn nokre område som er i strid med prinsippa i samfunnsdelen. Utvalet rår til at dei områda som ikkje er tilrådd i konsekvensutgreiinga vert tatt ut av planen før vedtak. Dette gjeld:
  - BAB3 Nappevika
  - BAB4 Nordre Totlandsvika
  - BAB11 Eikangervåg
12. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner akvakultur ikkje er godt ivaretatt i planframlegget frå Lindås kommune, særleg i høve til at det ikkje er gjort endringar innanfor temaet slik behovet i planprogrammet vart skildra.
13. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Lindås kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som i stor grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø. Planen er likevel i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det er knytt motsegn til følgjande punkt i planframlegget:
  - a. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i føresegner. *Motsegn fell bort om føresegna blir meir spesifikke.*



- b. Riksantikvarens sitt forslag til føresegner for Lindås-, Myking- og Seim mellomalderkyrkjestadar må innarbeidast i planføresegna. *Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav.*
  - c. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar motsegn til B1 – Bustad – Lindås, grunna konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Motsegn fell bort dersom området vert justert slik at Den Trondhjemske postvei ivaretas.
  - d. To område definert som LNF – spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for eigedomane med automatisk freda kulturminne.*
  - e. Fleire område definert som LNF – spreidd i § 3.4.7 inneheld den Trondhjemske postvei, kulturminne av nasjonal interesse. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for eigedomane med registrerte kulturminne av nasjonal interesse.*
  - f. Område definert som LNF - spreidd i § 3.4.7 med unntak av dei nemnd i punkt d) og e) må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga. *Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt føremål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus/hytte med opparbeida hage. Eventuelt må arealføremål LNF vidareførast.*
14. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilte merknader i høve kulturminneinteresser i kommuneplanen sin arealdel:
- a. Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen jobbar vidare med å definere fleire omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø, og at desse leggast inn i det vidare arbeidet med ein revidert kommunedelplan for kulturminne.
  - b. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i § 4.1.5 som gjeld retningsliner for omsynssoner H570 tek med ei formulering om at saker som gjeld tiltak i omsynssonene skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.
  - c. Hordaland fylkeskommune ber om at det både i planskildring og føresegner blir tydeleg spesifisert kva for omsynssoner H570 som er lagt inn i planen, med namn og/eller gards- og bruksnummer.
  - d. Hordaland fylkeskommune ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.
  - e. Hordaland fylkeskommune rår til at det for dei listeførte kyrkjene vert lagt inn omsynssone H570 med tilknytte retningsliner.
  - f. LSN4 – Spreidd næring – Spurkeland. Arealføremål kan vere i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det må takast særskilt omsyn både til Den Trondhjemske postvei og til omgjevnadene.
  - g. For følgjande innspel, som ligg innafor omsynssone for Den Indre Farleia, må det takast særskilt omsyn til omgjevnadene, slik at nytt arealføremål ikkje kjem i konflikt med det samla kulturmiljøet: BAB2 (Småbåtanlegg – Festevågen), BAB3 (Småbåtanlegg og naust – Nappevika) og BFT1 (Fritids - og turistføremål – Bergfjord).
  - h. LSN5 – Spreidd næring – Sellevoll. Det må takast særskilt omsyn til det meldepliktige våningshuset og til omgjevnadene, slik at nytt arealføremål ikkje kjem i konflikt med

kulturminnet og det samla kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune rår til at det for dette området vert sett krav om detaljregulering før det kan søkast om løyve om tiltak.

i. Område vist som LNF – spreidd

Hordaland fylkeskommune meiner det bør stillast krav om regulering for dei fleste areala som endrast frå LNF til LNF – spreidd, spesielt gjeld dette for område definert som LNF spreidd næring (LSN). For sistnemnde område ber me difor om at ein stiller krav om regulering, eller at ein i § 3.4.6 konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.

j. Område vist som næringsområde (BN4)

I område vist som næringsområde BN4, er det gitt fritak frå plankrav i § 3.1.6, bokstav c). Hordaland fylkeskommune ber kommunen vere spesielt merksam på undersøkingsplikta og avklaring av kulturminneinteresser, ved søknad om tiltak i dette område.

## **PS 129/19 Fråsegn - Kommunedelplan for Knarvik-Alversund - Lindås kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Forslag til kommunedelplan for Knarvik-Alversund har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Planskildring, plankart og føresegner er ryddige og oversiktlege. Kommuneplanens arealdel følgjer tydeleg opp kommuneplanens samfunnsdel. Dette skapar føreseielege og gode rammer for planlegging og utvikling.
2. I Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ser at Lindås kommune samla sett, gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen, har redusert arealreserven og lagt opp til meir konsentrert busetting i regionsenteret Knarvik og nærsentra, og dette viser ei positiv utvikling.
3. For å oppnå regionale mål om fortetting er det naudsynt å legge til rette for gjennomføring av områdeplan for Knarvik. Kommunen har stor reserve regulert bustadareal, både innanfor planområdet og i kommunen elles. Bustadreserven er meir enn tilstrekkeleg til å dekke behovet fram til 2033. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at bustadområda B6 Langheiane og B7 Gjervik, bør takast ut av plan.
4. I planarbeidet har kommunen definert ei sentrumsutstrekning for Knarvik som er større enn det som kan definerast som ei gangbar kjerne. Det er uklårt kva denne avgrensinga skal nyttast til. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at dette vert klårgjort i planskildring og føresegner. Ei tydelig avgrensing av sentrum er viktig for å få lokalisert publikumsintensive aktivitetar og kompetansearbeidsplassar sentralt i regionsenteret.
5. Næringsområde N2-Hagalía ligg tett på regionsenteret, men er ikkje ein del av ein gangbar sentrumskerne. Verksemda ber preg av å vere ein kompetansearbeidsplass som i følge retningsliner i regionale planer bør ligge i sentrum. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at området vert tatt ut av planen og at ein søker å etablere denne typen verksemdar i Knarvik sentrum.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner kommunen har innarbeidd den regionale føresegna for handel i kommunedelplanen, gjennom at detaljhandel utelukkande er knytt til sentrumsføremålet i planen.
7. Kommunen har gjennom planarbeidet kartlagt og verdisatt friluftsområde i kommunen. I tillegg er det utarbeidd eit temakart for grønstruktur for kommunedelplanen. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner omsynet til friluftsliv og næringsområde i hovudsak er godt ivaretatt i

planen, sjølv om kommunen med fordel kunne fastsett utstrekninga av regional vekstzone og definert langsiktige byggegrenser mot grøntareal.

8. Nytt næringsareal N1 ved Galteråsen er delvis i konflikt med nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv dersom det vert bygd i sin heilskap. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at arealet vert avgrensa for å ta omsyn til desse verdiane.
9. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* stiller seg bak konklusjonane om løysingar for ny Alversund bru som er skildre i kommunedelplanen. Detaljreguleringa av ny Alversund bru inkl. tilkomstvegar, kan vise behov for å inkludere deler av byggeområda BS1/BN4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at føresegnene i kommunedelplanen vert utforma slik at Alversund bru kan regulerast utan å regulere heile område BS1 og BN4.
10. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Lindås kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som i stor grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø. Planen er likevel i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det er knytt motsegn til følgjande punkt i planframlegget:
  - a. Planframlegget har ikkje god nok sikring av dei nasjonale og regionale kulturminneverdiane i Isdal. *Motsegn fell bort når ein legg inn ein omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke.*
  - b. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i føresegner. *Motsegn fell bort om det vert knytt føresegner til områder bandlagt etter kulturminnelova.*
  - c. To område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommunedelplan for eigedomane med automatisk freda kulturminne.*
  - d. Område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7, med unntak av dei nemnd i punkt c), må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga. *Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt føremål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus/hytte med opparbeida hage. Eventuelt må arealføremål LNF vidareførast.*
11. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har følgjande særskilte merknader i høve kulturminneinteresser i kommunedelplanen:
  - a. Hordaland fylkeskommune ber om at ein under punkt 4.1.5 i føresegn og retningslinjer tek med ei formulering om at saker som gjeld tiltak i omsynssone H570 skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser. Me føreslår følgjande: «Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»
  - b. Hordaland fylkeskommune vurderer at føremål KU\_N3 Næring – Gjervik vil føre til tap av kulturminneverdi, då dei planlagde nye voluma ikkje tek opp i seg området sin karakter med bustader og gardsbruk, og rår difor til at området held fram som eksisterande arealføremål LNF.
  - c. Hordaland fylkeskommune ber om at nye tiltak innafor LNF\_SN6 LNF- spreidd næring som parkering og vegtilkomst ikkje får ei utforming som er i konflikt med det viktige samla kulturmiljøet på Isdalstunet.
  - d. Hordaland fylkeskommune ber om at det takast særskilt omsyn til kyrkjestaden Aleversund kyrkje, Den Indre Farleia og det samla kulturmiljøet på staden ved føreslåtte tiltak i KU\_N4 Alversund.

- e. Hordaland fylkeskommune ber om at ein for ny Alversund bru, sentrumsføremål BS1 og vegføremål SV1, tar særskilt omsyn til omgjevnadene og kulturminneinteressene i området ved planlegginga og tiltak knytt til arealføremåla, dette gjeld særleg for tilpassing, utforming og skala.
- f. Område vist som LNF spreidd bustad LSB er i dag landbruksføremål, og er i planen føreslege som LNF spreidd bustad (LSB) utan krav om regulering ved etablering av inntil 4 bueiningar. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at det vert stilt krav om regulering i dei aktuelle områda, eller at ein i § 3.4.3, konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.
- g. Område vist som LSN spreidd næring (LSN) er i dag landbruksføremål og er planforslaget føreslege som LNF – spreidd næring (LSN) utan krav om regulering ved etablering tiltak. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at det vert stilt krav om regulering i dei aktuelle områda, eller at ein i § 3.4.6 konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019

### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Forslag til kommunedelplan for Knarvik-Alversund har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Planskildring, plankart og føresegner er ryddige og oversiktlege. Kommuneplanens arealdel følgjer tydeleg opp kommuneplanens samfunnsdel. Dette skapar føreseielege og gode rammer for planlegging og utvikling.
2. I Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er det definert eit klimavenleg utbyggingsmønster for å realisere nasjonale og regionale mål om klima, miljø og nullvekst i personbiltrafikken. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ser at Lindås kommune samla sett, gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen, har redusert arealreserven og lagt opp til meir konsentrert busetting i regionsenteret Knarvik og nærsentra, og dette viser ei positiv utvikling.
3. For å oppnå regionale mål om fortetting er det naudsynt å legge til rette for gjennomføring av områdeplan for Knarvik. Kommunen har stor reserve regulert bustadareal, både innanfor planområdet og i kommunen elles. Bustadreserven er meir enn tilstrekkeleg til å dekke behovet fram til 2033. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at bustadområda B6 Langheiane og B7 Gjervik, bør takast ut av plan.
4. I planarbeidet har kommunen definert ei sentrumsutstrekning for Knarvik som er større enn det som kan definerast som ei gangbar kjerne. Det er uklårt kva denne avgrensinga skal nyttast til. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at dette vert klårgjort i planskildring og føresegner. Ei tydelig avgrensing av sentrum er viktig for å få lokalisert publikumsintensive aktivitetar og kompetansearbeidsplassar sentralt i regionsenteret.
5. Næringsområde N2-Hagalia ligg tett på regionsenteret, men er ikkje ein del av ein gangbar sentrums-kjerne. Verksemda ber preg av å vere ein kompetansearbeidsplass som i følgje retningsliner i regionale planer bør ligge i sentrum. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at området vert tatt ut av planen og at ein søker å etablere denne typen verksemdar i Knarvik sentrum.

6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner kommunen har innarbeidd den regionale føreseigna for handel i kommunedelplanen, gjennom at detaljhandel utelukkande er knytt til sentrumsføremålet i planen.
7. Kommunen har gjennom planarbeidet kartlagt og verdisatt friluftsområde i kommunen. I tillegg er det utarbeidd eit temakart for grønstruktur for kommunedelplanen. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner omsynet til friluftsliv og nærområde i hovudsak er godt ivaretatt i planen, sjølv om kommunen med fordel kunne fastsett utstrekninga av regional vekstsone og definert langsiktige byggegrenser mot grøntareal.
8. Nytt næringsareal N1 ved Galteråsen er delvis i konflikt med nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv dersom det vert bygd i sin heilskap. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at arealet vert avgrensa for å ta omsyn til desse verdiane.
9. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* stiller seg bak konklusjonane om løysingar for ny Alversund bru som er skildre i kommunedelplanen. Detaljreguleringa av ny Alversund bru inkl. tilkomstvegar, kan vise behov for å inkludere deler av byggeområda BS1/BN4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at føresegnene i kommunedelplanen vert utforma slik at Alversund bru kan regulerast utan å regulere heile område BS1 og BN4.
10. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Lindås kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som i stor grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø. Planen er likevel i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og det er knytt motsegn til følgjande punkt i planframlegget:
  - a. Planframlegget har ikkje god nok sikring av dei nasjonale og regionale kulturminneverdiane i Isdal. *Motsegn fell bort når ein legg inn ein omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke.*
  - b. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i føresegner. *Motsegn fell bort om det vert knytt føresegner til områder bandlagt etter kulturminnelova.*
  - c. To område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane. *Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommunedelplan for eigedomane med automatisk freda kulturminne.*
  - d. Område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7, med unntak av dei nemnd i punkt c), må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga. *Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt føremål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus/hytte med opparbeida hage. Eventuelt må arealføremål LNF vidareførast.*
11. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har følgjande særskilte merknader i høve kulturminneinteresser i kommunedelplanen:
  - a. Hordaland fylkeskommune ber om at ein under punkt 4.1.5 i føresegn og retningslinjer tek med ei formulering om at saker som gjeld tiltak i omsynssone H570 skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser. Me føreslår følgjande: «Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»
  - b. Hordaland fylkeskommune vurderer at føremål KU\_N3 Næring – Gjervik vil føre til tap av kulturminneverdi, då dei planlagde nye voluma ikkje tek opp i seg området sin karakter med bustader og gardsbruk, og rår difor til at området held fram som eksisterande arealføremål LNF.

- c. Hordaland fylkeskommune ber om at nye tiltak innafor LNF\_SN6 LNF- spredt næring som parkering og vegtilkomst ikkje får ei utforming som er i konflikt med det viktige samla kulturmiljøet på Isdalstunet.
- d. Hordaland fylkeskommune ber om at det takast særskilt omsyn til kyrkjestaden Aleversund kyrkje, Den Indre Farleia og det samla kulturmiljøet på staden ved føreslåtte tiltak i KU\_N4 Alversund.
- e. Hordaland fylkeskommune ber om at ein for ny Alversund bru, sentrumsføre mål BS1 og vegføre mål SV1, tar særskilt omsyn til omgjevnadene og kulturminneinteressene i området ved planlegginga og tiltak knytt til arealføremåla, dette gjeld særleg for tilpassing, utforming og skala.
- f. Område vist som LNF spreidd bustad LSB er i dag landbruksføre mål, og er i planen føreslege som LNF spreidd bustad (LSB) utan krav om regulering ved etablering av inntil 4 bueiningar. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at det vert stilt krav om regulering i dei aktuelle områda, eller at ein i § 3.4.3, konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.
- g. Område vist som LSN spreidd næring (LSN) er i dag landbruksføre mål og er planforslaget føreslege som LNF – spreidd næring (LSN) utan krav om regulering ved etablering tiltak. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at det vert stilt krav om regulering i dei aktuelle områda, eller at ein i § 3.4.6 konkret visar til undersøkingsplikta i § 2.8.

## PS 130/19 Fråsegn til områdeplan for Lyseparken - Offentleg ettersyn - Os kommune

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os kommune søker å styrke næringsutviklinga i regionen og leggje vekt på infrastruktur for energi som grunnlag for vidare utvikling av Lyseparken næringsområde. Men det er manglande samsvar mellom planomtalen som skildrar planen som eit verkemiddel for å «samle grupper av industrielle næringsverksemder», og dei juridiske dokumenta som gjev opning for arbeidsplassintensive (kontor)verksemder, forretning, tenesteyting og bustad.
2. Områderegulering for Lyseparken legg opp til storstilt utbygging utanfor senterstruktur og regionale vekstsoner og utan ei utbyggingsrekkefølge som truverdig stør opp om nullvekstmålet. Dette er i strid med *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, Regional transportplan, Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner omfanget av utbygging i planforslaget strir mot regionale og nasjonale mål for areal- og transportutviklinga i området og fremjar difor motsegn til planframlegget.

- i) Planforslaget strir mot retningsline 3.2 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet: *Kommunane bør leggje til rette for arealeffektiv utbygging og setje krav om rekkjefølgje i utbygging av arealreservane der transportreduserande og arealeffektive prinsipp er lagt til grunn.*
- ii) Planforslaget legg opp til større konsentrasjonar av kontorarbeidsplassar utanfor senterområde utan god tilgjenge for reisande med kollektiv, sykkel og gange. Full utbygging blir bilbasert og strir mot retningsline 6.2 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet; b) *Større konsentrasjonar av kontorarbeidsplassar*

*bør lokaliserast i definerte område for arbeidsplassvekst i fylkessenter, regionsenter og bydelssenter.*

- iii) Planforslaget strir mot retningsline 7.1 i regional areal- og transportplan for Bergensområdet; *Rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport.*
  - iv) Planforslaget manglar føringar for opparbeiding og gang- og sykkelveggar inn til området og kollektivløysingar. Utvalet meiner at planforslaget må sette krav om opparbeiding av kollektivterminal gjennom rekkefølgjekrav, som slår inn ved etablering av fleire enn 3000 arbeidsplassar. Kollektivterminalen må ha ein attraktiv utforming og vere universelt utforma. Utforming bør skje i samråd med Skyss og vere i tråd med *Veileder for helhetlig knutepunktsutvikling*. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at kvalitetskrav til kollektivkravterminalen vert nedfelt i føresegnene.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planforslaget ikkje i tilstrekkelig grad tek omsyn til naturmangfald og landskap og difor strir mot retningsline 4.3 i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* og *Regional transportplan: Utanfor regionale vekstsoner skal det takast særleg omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv*.
- i) Foreslått utbygging og landskapsinngrep må reduserast i omfang for å følgje opp Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Det er knytt motsegn til delfelt KPA2, KBA5, KBA8, KPA9, og føresegnområde #2 i KBA7, som alle grenser opp til og påverkar biologisk mangfald i naturvernområdet NLA. *Motsegna fell bort viss felta blir gjort om til naturvernområde eller lagt til eit seinare byggetrinn.*
  - ii) Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det ligger for store rammer for utbygging i byggetrinn 1 (omkring 560.000 m<sup>2</sup>). Dette gjev for svak føreseie av kva som vert bygd kor og når på eit stort areal. Sør-området som ligg nær E39 bør byggast ut først, både for å sikre at grøntareal ikkje vert bygd unødig ned og fordi sør-området har best tilgjenge og kollektivdekning. Utvalet fremjar motsegn til at delfelta BN1 og BN2, KBA1, KBA3, KBA4, KBA6 og o\_BOP vert lagt til 1. byggetrinn. *Motsegna fell bort viss felta blir lagt til eit seinare byggetrinn.*
  - iii) Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at utbyggingsrekkefølgja nedfelt i matrisa til føresegn §7.2.1. ikkje er sikra i tilstrekkeleg grad ved at berre massehandtering er gjennomført og intern infrastruktur er etablert. *Motsegna fell vekk om eit byggetrinn vert definert som ferdig utbygd då min. 80% av bygga har fått utstedt ferdigattest.*
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget strir mot føringar i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Føresegnene til bygningar og anlegg som nyttar formålet forretning, jf. § 4.1.2 er ikkje tydeleg nok formulert ved at dei berre peikar på føresegn § 4.1 i den regionale planen for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formuleringa i fellesføresegna § 4.1.2. *Motsegna fell bort viss ordlyden i føresegnene 4.2.1 vert endra til lista opp i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.*
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planen ikkje er detaljert nok til å kunne handsama utbygging på byggesaksnivå, og fremjar motsegn til manglande krav til detaljplan for

delområde B2, KBA 1-11, BN1, BN2, samt o\_BOP. *Motsegna fell bort om det vert lagt inn plankrav for alle delområda.*

6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser at busetnad opp til 66 meter over terreng innanfor delfeltet KBA12, utanfor en regional vekstsone, i særleg grad vil utfordre regionale føringar og mål knytt til areal og transport. Utvalet fremjar *motsegn* til byggehøgde og omfang av utbygging, samt manglande plankrav i KBA12. *Motsegna fell bort om byggehøgda vert redusert og det vert lagt inn plankrav for delområdet*

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019**

**Tor Andre Ljosland** (KrF) sette fram følgjande forslag:

« Saka vert utsett til neste møte då synfaring 27.09.2019 er gjennomført.»

#### **Røysting**

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte då synfaring 27.09.2019 er gjennomført.

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

**Olav Kvinge (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Utval for kultur, idrett og regional utvikling støtter Os kommune sitt framlagde planforslag til områdeplan for Lyseparken. Grunngevinga for dette er følgjande;

##### **1. Framtidas arbeidsplassar i Bjørnafjorden**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os kommune søker å styrke næringsutviklinga i regionen og leggje vekt på infrastruktur med fornybar energi som grunnlag for vidare utvikling av Lyseparken næringsområde. Utvalet er positive til at kommande Bjørnafjorden kommune legg til rette for lokale arbeidsplassar som reduserer utpendlinga frå kommunen.

Lyseparken innfrir regionale behov ved å leggje til rette for meir næringsareal sør for Bergen og auka attraktivitet i Bergensregionen. Industrielle næringsklynger er ei ønska og viktig satsing. Lyseparken tilbyr ein type areal med tilhøyrande infrastruktur som er unik for Bergensregionen. Konseptet bidreg til betre dynamikk og næringsbalanse i regionen både når det gjeld type næring og geografisk fordelt konkurranse, jf. høyringsuttale frå Invest in Bergen med dato 21.12.2018.

For å sikre målsettinga formulert i planskildringa om å «samle grupper av industrielle næringsverksemdar», er det i føresegnene tydeleggjort i i pkt 4.1.3 *Der planen nyttar formålet kontor, er å forstå kontor i tilknytning til moderne industri og anna næringsverksemd og kontor til ikkje besøksintensiv tenesteyting.*

##### **2. Areal- og transport, senterstruktur**

Utvalet meiner at områdeplanen med tilhøyrande mobilitetsplan sikrar at utviklinga av planområdet ikkje er i konflikt med overordna, nasjonale transportmål om nullvekst i personbiltrafikken. Lyseparken vil redusere utpendling frå Bjørnefjord-regionen, og med dette medverke til å redusere samla transportbehov til arbeidsreiser. Lyseparken vil vere lokalisert ved ei framtidig transportakse som er egna for effektive bussruter til og frå sentrale kollektivknutepunkt (Lagunen terminal, Osøyro terminal). Lyseparken vil òg vere i akseptabel sykkelavstand frå Os sentrum. Lyseparken vil leggje til rette for arbeidsplassar der ein har moglegheit til å etablere effektive kollektive transportløyningar. Det skal ikkje leggjast til rette for publikumsbaserte aktivitetar (handel etc.) som normalt medfører høg bilandel.



Områdeplan for Lyseparken er utvikla parallelt med framlegg til ny KPA med tilhøyrande senterstruktur, og områderegeringsplan for regionsenteret Osøyro. Planane er koordinert i innhald, der regionale og nasjonale føringar for bustad-, areal- og transport er lagt til grunn.

Utvalet meiner at planforslaget må sette krav om opparbeiding av kollektivterminal gjennom rekkefølgekav, som slår inn ved etablering av fleire enn 3000 arbeidsplassar. Kollektivterminalen må ha ei attraktiv utforming og vere universelt utforma. Utforming bør skje i samråd med Skyss og vere i tråd med *Veileder for helhetlig knutepunktsutvikling*. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at kvalitetskrav til kollektivterminalen vert nedfelt i føresegnene.

### 3. Naturmangfald og landskap

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planforslaget tek naudsynt omsyn til naturmangfald og landskap. Os kommune tar det nasjonale ansvaret for habitatet til Stor torvlibelle og har utvida dei alt regulerte grensene mellom LNF / LNA-område og byggeområda. Føresegnene stiller krav om detaljregulering for delfelt som grensar til LNA naturvernområde. Konkrete avbøtande og førebyggjande tiltak er tatt inn og forsterka i reguleringsføresegnene. Kommunen har sett krav om detaljplan for dei delområda som grensar til naturvern.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at fordelane er større enn ulempene ved å tillate utbygging i sør- og nordområdet parallelt. Kommunen har gjort ei grundig vurdering og komme fram til ei utbyggingsrekkefølge basert på optimalisering av massebalanse, miljø- og klimahensyn, hydrologi, naturmangfald, lokale energiresursar, samt moglegheit for å legge til rette for klyngeverksemdar. Eit felles energisystem, samt utnytting av lokale energiresursser, krev at både sør- og nordområdet byggast parallelt.

### 4. Handel

Føresegn 4.1.2 seier: «Der planen nyttar formålet forretning er formålet avgrensa til *plasskrevjande varer*, jf. pbl. § 8-5, jf. *føresegn i regionalplan for attraktive senter*. *Maks 10 % av total BRA i områdeplanen kan nyttast til forretning*» (plasskrevjande varer).

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner atføresegn 4.1.2 er dekkjande for intensjonen med Regional plan for attraktive senter i Hordaland når det gjeld handel og ikkje vil konkurrere med handel i regionsenteret Osøyro.

### 5. Plankrav

Det er stilt plankrav for dei delområda som grensar til naturvern; B2, KBA2, KBA5 del av KBA 7, KBA8 og KBA9. Avvik frå vedtatt plan, med retningslinjer, utløyser krav om detaljplan for dei øvrige delområda.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planen med retningslinjer og plankrav gir grunnlag for offentleg styring med utviklinga av området.

### 6. Byggehøyder

Bygget som er omtalt i planen som «Tecno-tower» skal ikkje nyttast til bustadføre mål. jf. føresegner. Utvalet legg planen med føresetnader for KBA12 til grunn for vidare utvikling og viser til punkt 5.

Utval for kultur, idrett og regional meiner at eit signalbygg er akseptabelt utan å bryte med regionale føringar.»

**Kjell Gitton Håland (A)** sette på vegner av A, KRF og SP fram slikt forslag:

a) «Endring

Anna avsnitt: orda «omfanget av utbygging» går ut».

b) «Endring

Punkt 3 III: Siste setning erstattast med: «60 % av bygga har fått utstedt ferdigattest»».

**Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1 fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 2 fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Håland sitt forslag a) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Håland sitt forslag b) vart vedteke mot 1 røyst (MDG).

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 4 fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 5 fekk 8 røyster (A, SP, MDG og KRF) og vart vedteke mot 5 røyster (H og FRP) for Kvinge sitt forslag.

Kvinge sitt forslag punkt 6 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt forslag.

## Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som positivt at Os kommune søker å styrke næringsutviklinga i regionen og leggje vekt på infrastruktur for energi som grunnlag for vidare utvikling av Lyseparken næringsområde. Men det er manglande samsvar mellom planomtalen som skildrar planen som eit verkemiddel for å «samle grupper av industrielle næringsverksemdar», og dei juridiske dokumenta som gjev opning for arbeidsplassintensive (kontor)verksemdar, forretning, tenesteyting og bustad.
2. Områderegulering for Lyseparken legg opp til storstilt utbygging utanfor senterstruktur og regionale vekstsoner og utan ei utbyggingsrekkefølge som truverdig står opp om nullvekstmålet. Dette er i strid med *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*, *Regional transportplan*, *Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planforslaget strir mot regionale og nasjonale mål for areal- og transportutviklinga i området og fremjar difor motsegn til planframlegget.

- i) Planforslaget strir mot retningsline 3.2 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet: *Kommunane bør leggje til rette for arealeffektiv utbygging og setje krav om rekkjefølgje i utbygging av arealreservane der transportreduserande og arealeffektive prinsipp er lagt til grunn.*
- ii) Planforslaget legg opp til større konsentrasjonar av kontorarbeidsplassar utanfor senterområde utan god tilgjenge for reisande med kollektiv, sykkel og gange. Full utbygging blir bilbasert og strir mot retningsline 6.2 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet; *b) Større konsentrasjonar av kontorarbeidsplassar bør lokaliserast i definerte område for arbeidsplassvekst i fylkessenter, regionsenter og bydelssenter.*
- iii) Planforslaget strir mot retningsline 7.1 i regional areal- og transportplan for Bergensområdet; *Rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport.*
- iv) Planforslaget manglar føringar for opparbeiding og gang- og sykkelveggar inn til området og kollektivløysingar. Utvalet meiner at planforslaget må sette krav om opparbeiding av kollektivterminal gjennom rekkefølgjekrav, som slår inn ved etablering av fleire enn 3000 arbeidsplassar. Kollektivterminalen må ha ein ha ein attraktiv utforming og vere universelt utforma. Utforming bør skje i samråd med Skyss og vere i tråd med *Veileder for helhetlig knutepunktsutvikling*. Utval for

kultur, idrett og regional utvikling rår til at kvalitetskrav til kollektivkravterminalen vert nedfelt i føresegnene.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planforslaget ikkje i tilstrekkelig grad tek omsyn til naturmangfald og landskap og difor strir mot retningsline 4.3 i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* og *Regional transportplan: Utanfor regionale vekstsoner skal det takast særleg omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv*.
  - i) Foreslått utbygging og landskapsinngrep må reduserast i omfang for å følgje opp Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Det er knytt motsegn til delfelt KPA2, KBA5, KBA8, KPA9, og føresegnområde #2 i KBA7, som alle grenser opp til og påverkar biologisk mangfald i naturvernområdet NLA. *Motsegna fell bort viss felte blir gjort om til naturvernområde eller lagt til eit seinare byggjetrinn.*
  - ii) Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det ligger for store rammer for utbygging i byggetrinn 1 (omkring 560.000 m<sup>2</sup>). Dette gjev for svak føreseie av kva som vert bygd kor og når på eit stort areal. Sør-området som ligg nær E39 bør byggast ut først, både for å sikre at grøntareal ikkje vert bygd unødig ned og fordi sør-området har best tilgjenge og kollektivdekning. Utvalet fremjar motsegn til at delfelta BN1 og BN2, KBA1, KBA3, KBA4, KBA6 og o\_BOP vert lagt til 1. byggjetrinn. *Motsegna fell bort viss felte blir lagt til eit seinare byggjetrinn.*
  - iii) Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at utbyggingsrekkjefølgja nedfelt i matrisa til føresegn §7.2.1. ikkje er sikra i tilstrekkeleg grad ved at berre massehandtering er gjennomført og intern infrastruktur er etablert. *Motsegna fell vekk om eit byggetrinn vert definert som ferdig utbygd då min. 60% av bygga har fått utstedt ferdigattest.*
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget strir mot føringar i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Føresegnene til bygningar og anlegg som nyttar formålet forretning, jf. § 4.1.2 er ikkje tydeleg nok formulert ved at dei berre peikar på føresegn § 4.1 i den regionale planen for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formuleringa i fellesføresegna § 4.1.2. *Motsegna fell bort viss ordlyden i føresegnene 4.2.1 vert endra til lista opp i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter.*
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planen ikkje er detaljert nok til å kunne handsama utbygging på byggesaksnivå, og fremjar motsegn til manglande krav til detaljplan for delområde B2, KBA 1-11, BN1, BN2, samt o\_BOP. *Motsegna fell bort om det vert lagt inn plankrav for alle delområda.*
6. **Byggehøgder**  
Bygget som er omtalt i planen som «Tecno-tower» skal ikkje nyttast til bustadføremål. jf. føresegner. Utvalet legg planen med føresetnader for KBA12 til grunn for vidare utvikling og viser til punkt 5.  
Utval for kultur, idrett og regional meiner at eit signalbygg er akseptabelt utan å bryte med regionale føringar.»

## PS 131/19 Tilleggsfråsegn sykkelstrategi for Bergen 2019-2030

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner arbeidet med sykkelstrategien er ei viktig oppfølging av regionale planar for å kunne oppnå nasjonale målsettingar for folkehelse, nullvekstmålet og utvikling av attraktive senter.
2. Fylkesutvalet meiner at det bør kome tydelegare fram korleis handlingsplanane skal utformast for å stø opp om sykkelsatsinga. Dokumentet må gjere greie for kva tidsplan ein ser for seg for å kunne realisere dei ulike delmåla som skal lede til eit trygt og attraktivt sykkeltilbod i 2030.
3. Fylkesutvalet meiner at sykkelstrategi for Bergen 2019-2030 bør tydeleggjere prioriteringar mellom dei ulike trafikkgruppene, dei bygde omgjevnadane og det definerte sykkelnettet. Det bør også tydeleggjerast kva funksjon sykkelnettet skal ha for vidare arbeid, og kva status dagens sykkelruter vil ha vidare.
4. Fylkesutvalet meiner at sykkelstrategien bør synleggjere korleis den stillar seg til hjartesoner rundt skuler.
5. Fylkesutvalet meiner det er eit godt grep å betre kommunikasjonen ut til byens befolkning. Ein må sørgje for ei kommunikasjonskanal som kan handtere spørsmål om både drift og planlegging av tilbodet til mjuke trafikantar, uavhengig av kven som er vegeigar.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet meiner arbeidet med sykkelstrategien er ei viktig oppfølging av regionale planar for å kunne oppnå nasjonale målsettingar for folkehelse, nullvekstmålet og utvikling av attraktive senter.
2. Fylkesutvalet meiner at det bør kome tydelegare fram korleis handlingsplanane skal utformast for å stø opp om sykkelsatsinga. Dokumentet må gjere greie for kva tidsplan ein ser for seg for å kunne realisere dei ulike delmåla som skal lede til eit trygt og attraktivt sykkeltilbod i 2030.
3. Fylkesutvalet meiner at sykkelstrategi for Bergen 2019-2030 bør tydeleggjere prioriteringar mellom dei ulike trafikkgruppene, dei bygde omgjevnadane og det definerte sykkelnettet. Det bør også tydeleggjerast kva funksjon sykkelnettet skal ha for vidare arbeid, og kva status dagens sykkelruter vil ha vidare.
4. Fylkesutvalet meiner at sykkelstrategien bør synleggjere korleis den stillar seg til hjartesoner rundt skuler.
5. Fylkesutvalet meiner det er eit godt grep å betre kommunikasjonen ut til byens befolkning. Ein må sørgje for ei kommunikasjonskanal som kan handtere spørsmål om både drift og planlegging av tilbodet til mjuke trafikantar, uavhengig av kven som er vegeigar.

## **PS 132/19 Uttale til høyring av gåstrategi for Bergen 2019-2030**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til gåstrategi for Bergen 2019-2030, og meiner dette er eit viktig styringsdokument og verktøy for å nå nullvekstmålet, styrka folkehelsa i Bergen og gi eit løft for universell utforming i gangnett og byrom.
2. Fylkesutvalet meiner gåstrategien må følgjast opp med ei satsing på kunnskap og kompetanse på gange og universell utforming, for å sikra god oppfølging og gode resultat.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019

### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til gåstrategi for Bergen 2019-2030, og meiner dette er eit viktig styringsdokument og verktøy for å nå nullvekstmålet, styrka folkehelsa i Bergen og gi eit løft for universell utforming i gangnett og byrom.
2. Fylkesutvalet meiner gåstrategien må følgjast opp med ei satsing på kunnskap og kompetanse på gange og universell utforming, for å sikra god oppfølging og gode resultat.

## PS 133/19 Høyrings svar – forslag til endringer i riksarkivarens forskrift

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling støttar fylkesrådmannen si innstilling slik:

Til § 1-1. Fylkesrådmannen meiner at omgrepet «kassasjonsregler» dekker behovet for regulering av saksområdet, og støttar endringsforslaget.

Fylkesrådmannen støtter oppheving av kapittel 9 om mikrofilm, og at «mikrofilm» blir føyd til i oppstillinga av ulike medietyper i kapittel 2 (§ 2-6) om «Arkivlokaler og oppbevaring av arkiv», og i kapittel 6 om «Avlevering og overføring til arkivdepot».

Fylkesrådmannen ser behovet for unntaksbestemmelsen i § 5-3. Utvikling av metodikk og forsøk med nye format kan komme heile arkivsektoren til gode.

Til § 6-1. Fylkesrådmannen støtter bruken av omgrepet «analogt arkivmateriale» då dette omfattar fleire lagringsmedium enn papir.

til § 6-2. Fylkesrådmannen ser behovet for at «eldre arkiv» og «avslutta arkiv» er definert i regelverket, og finn definisjonen frå den oppheva arkivforskrifta § 5-1 som klar i den samanheng.

Til § 7-2. Fylkesrådmannen stiller spørsmål rundt omgrepet «ettertid». Tidsaspektet er innforstått så lenge det står «arkivmateriale som skal bevarast» og punkt i): «ta vare på arkivmateriale». Særskilt kommentar til punkt j) der Arkivverket forslår følgjande ordlyd: «Kassasjon: å ta ut og destruere arkivmateriale som ikke skal bevarast». Fylkesrådmannen forslår følgjande forenkling av ordlyd: «Kassasjon: å ta ut og destruere arkivmateriale». Det er innforstått at ein ikkje destruerar arkivmateriale som skal bevarast.

Til § 8.6. Fylkesrådmannen meiner at det bør kunne opnast for å destruere så lenge organisasjonen kan dokumentere at kvalitetssikringa oppfyller krava i § 8-4, og arkivdepot har godkjent denne dokumentasjonen.

Til ny § 8-8. Før krava i dispensasjonsordninga ligg klart, ønskjer ikkje fylkesrådmannen å støtte forslaget til ny § 8-8 a).

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019

### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling støttar fylkesrådmannen si innstilling slik:

Til § 1-1. Fylkesrådmannen meiner at omgrepet «kassasjonsregler» dekker behovet for regulering av saksområdet, og støttar endringsforslaget.

Fylkesrådmannen støtter oppheving av kapittel 9 om mikrofilm, og at «mikrofilm» blir føyd til i opplistinga av ulike medietyper i kapittel 2 (§ 2-6) om «Arkivlokaler og oppbevaring av arkiv», og i kapittel 6 om «Avlevering og overføring til arkivdepot».

Fylkesrådmannen ser behovet for unntaksbestemmelsen i § 5-3. Utvikling av metodikk og forsøk med nye format kan komme heile arkivsektoren til gode.

Til § 6-1. Fylkesrådmannen støtter bruken av omgrepet «analogt arkivmateriale» då dette omfattar fleire lagringsmedium enn papir.

til § 6-2. Fylkesrådmannen ser behovet for at «eldre arkiv» og «avslutta arkiv» er definert i regelverket, og finn definisjonen frå den oppheva arkivforskrifta § 5-1 som klar i den samanheng.

Til § 7-2. Fylkesrådmannen stiller spørsmål rundt omgrepet «ettertid». Tidsaspektet er innforstått så lenge det står «arkivmateriale som skal bevarast» og punkt i): «ta vare på arkivmateriale». Særskilt kommentar til punkt j) der Arkivverket forslår følgjande ordlyd: «Kassasjon: å ta ut og destruere arkivmateriale som ikkje skal bevarast». Fylkesrådmannen forslår følgjande forenkling av ordlyd: «Kassasjon: å ta ut og destruere arkivmateriale». Det er innforstått at ein ikkje destruerar arkivmateriale som skal bevarast.

Til § 8.6. Fylkesrådmannen meiner at det bør kunne opnast for å destruere så lenge organisasjonen kan dokumentere at kvalitetssikringa oppfyller krava i § 8-4, og arkivdepot har godkjent denne dokumentasjonen.

Til ny § 8-8. Før krava i dispensasjonsordninga ligg klart, ønskjer ikkje fylkesrådmannen å støtte forslaget til ny § 8-8 a).

## PS 134/19 Tilskot til elitekorps. Fordeling 2019

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 300 000 kroner over budsjettpost 400.735.00, slik:

	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilråding</b>
1	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	48 684
2	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	56 842
3	KLEPPE MUSIKKLAG	32 842
4	KROHNENGEN BRASS BAND	44 369
5	MANGER MUSIKKLAG	46 842
6	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	40 000
7	TERTNES BRASS	30 421
	<b>SUM</b>	<b>300 000</b>

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019

#### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 300 000 kroner over budsjettpost 400.735.00, slik:

	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilråding</b>
1	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	48 684
2	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	56 842
3	KLEPPE MUSIKKLAG	32 842
4	KROHNENGEN BRASS BAND	44 369
5	MANGER MUSIKKLAG	46 842
6	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	40 000
7	TERTNES BRASS	30 421
	<b>SUM</b>	<b>300 000</b>

## PS 135/19 Folkemusikkstipend 2019 - tildeling

## PS 136/19 Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend - tildeling 2019

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele til saman 14 stipend, kvart på kr 40 000, til:

1. Cato Løland – visuell kunst
2. Hilde A. Danielsen – visuell kunst
3. Katrin Berge – visuell kunst
4. Kay Arne Kirkebø – visuell kunst
5. Tom Kosmo – visuell kunst
6. Vilde Salhus Røed - visuell kunst

7. Birgitta Alida Hole - musikk
8. Else Storesund - musikk
9. Kim Christer Hylland - musikk
10. Bjørn Sortland – litteratur
11. Ina Terese Lerner Grevstad – film
12. Simone Hooymans – film div
13. Bodil Lunde Rørtveit – scenekunst / musikk
14. Silje Sandodden Kise - scenekunst

Løyvinga utgjer totalt kr 560 000 frå konto 10.400.720.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 30.09.2019**

Saka er unnateke offentleggjering etter fvl. § 26 2. ledd.

#### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele til saman 14 stipend, kvart på kr 40 000, til:

1. Cato Løland – visuell kunst
2. Hilde A. Danielsen – visuell kunst
3. Katrin Berge – visuell kunst
4. Kay Arne Kirkebø – visuell kunst
5. Tom Kosmo – visuell kunst
6. Vilde Salhus Røed - visuell kunst
7. Birgitta Alida Hole - musikk
8. Else Storesund - musikk
9. Kim Christer Hylland - musikk
10. Bjørn Sortland – litteratur
11. Ina Terese Lerner Grevstad – film
12. Simone Hooymans – film div
13. Bodil Lunde Rørtveit – scenekunst / musikk
14. Silje Sandodden Kise - scenekunst

Løyvinga utgjer totalt kr 560 000 frå konto 10.400.720.